

Radøy Revmatikarlag

v/Wenche Soltveit

Radøyvegen 1747

5936 Manger

16. januar 2019

Radøy Kommune

Postmottak

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Søknad om fritak for utgifter til leige av terapibassenget i Radøyhallen.

Radøy Revmatikarlag søker med dette om fritak for utgifter til leige av terapibassenget.

Revmatikarlaget er ein frivillig organisasjon som høyrer inn under Norsk Revmatikerforbund. Arbeidet i vårt lag er frivillig, og ulønt.

Vi nyttar terapibassenget 3 timer i veka, noko som er godt innarbeid blant våre medlemmer.

Som kjent er det godt for revmatikarar og andre med ulike muskel-/skjelettsjukdomar å trene i varmt vatn. Denne treninga bidrar etter vårt syn til at helsa blant våre brukarar, altså kommunens innbyggjarar, betrar seg eller held seg stabil over tid. Slik vi ser det er denne treninga eit godt tiltak for folkehelsa. Og vi får ofte positive tilbakemeldingar på kor mykje dette betyr for den enkelte.

Lokalt held vi ein basar i året som er vår hovudinntektskjelde. Vi vil nemne at vi bidrar på fleire måtar i lokalsamfunnet. Vi har blant anna gitt økonomisk støtte til ulike formål, som til dømes medisinsk utstyr til Radøy Legesenter, bidrag til den kommunale fysioterapitenesta, og vi bidrar med ei sommartilstelling på Velferdssenteret. På sistnemnde serverer vi både kaffi og kaker, og musikk som brukarane set stor pris på.

Den årlege leiga laget betaler til kommunen er for eit lite lokallag som Radøy Revmatikarlag ei stor økonomisk utgift. Vi håper derfor på at kommunen vil stille seg positiv til eit fritak for leige av terapibassenget.

På forhånd takk.

Med venleg helsing

Wenche Soltveit

Wenche Soltveit (leiar)

Oddny Mikkelsen

Oddny Mikkelsen (sekretær)